



ÅRSMELDING 2017

Styret i meldingsåret:

Leiar:	Olav Steinar Namtvedt
Nestleiar/skrivar:	Geir Olav Repål
Styremedlem:	Adelheid Instebo
Varamedlem:	Leif Taule
Medlemsregistrering:	Torun Åsheim
Turngruppa:	Tanja Thomassen og Even Askeland
Banememnda Sletta:	Olav Steinar Namtvedt
Banememnda Sæbø:	Radøy/Manger har driftsansvar i samsvar med avtale.

Verv utanfor laget:

Idrettsrådet:	Olav Steinar Namtvedt og Geir Olav Repål
Hordaland gym/turn:	Jimmy Amundsen -BU Ungdom. Jimmy er og dommar i kretsen
Cato Plettens Minnefond:	Vigdis Thomassen

Arbeidsåret 2017:

Styret har hatt 6 styremøter.

Medlemstal: 180. Av desse om lag 130 aktive.

Aktuelle saker:

- **Samfunnshuset "Skogen"**
 - Utviding av huset, med m.a. betre plass for idrettsutstyr er ferdig. Dette har vore ein stor lette for dei som driv turnaktivitetar i huset
- **Baner Sletta/Sæbø**
 - Bana på Sletta i god stand; -vert slått min 2-3 gonger i veka i sesongen. I ferien måtte me i år nytta oss av noko hjelp frå Ung jobb i Radøy. Stor takk til Bjørn Terje Thomassen. Bana kunne vore brukt meir.
 - Større vedlikehald med lufting og tilføring av sand i vår. Grunna dårleg ver vart planlagt sprøyting og såing utsett til neste vår. Ein del rydding kring anlegget gjort, men her er enno ein del som må prioriterast. Vatningsanlegg ikkje i bruk grunna lite tørke. Bedet er vedlikehalde av Radøy Arbeidssenter.
 - Garasje/reiskapshus ved inngangsporten på nedsida av bana er ikkje på plass enno. Skøyte på aktuell parsell er no i ferd med å bli klar. Opprydding på nedsida av bana etter utvidinga i 2000 var nødvendig og er no gjennomført; -noko etterarbeid må gjerast til våren
 - R/M har driftsansvar for bana i Austmarka og bana er mykje nytta.
 - Ved rullering av anleggsplan for idrett og friluftsliv ligg RIL inne med fylgjande anlegg: Garderobebygg i Austmarka.
 - Reiskapsbygg ved bana på Sletta er med på lista over planlagde anlegg
- **Turn**
 - Største aktivitet i laget, med tilbod på Sletta og i hallen på skulen på Sæbø.
 - Avtale med Radøy kommune om bruk av utstyr på Sæbø er enno ikkje på plass